

# Dølemo sentrum

## Omtale av konseptet til ny struktur

Plankartet 2293-IP-01 syner eit framlegg til korleis området bør strukturerast. Plankartet syner stort sett få detaljer, nokre stader er delområda middels detaljerte. Dette skyldast at plankartet fokuserar på heilskapen i tettstaden og korleis den kan delast opp i mindre enkeltelement, som kan fokuserast detaljert på til eit seinare tidspunkt. Detaljane leggjast ikkje til føre ein er samd om den overordna strukturen.

### Konseptet

Konseptet har nokre hovudgrep:

- Arealbruken strammast opp visuelt der det er høve for det. Med dette vil større areal framstå som ryddige og attraktive mens fleirbuksareala reduserast i omfang og gjevast ein viss form.
- Ein legg opp til medvites styring av ulike trafikkstraumar. Ved å styre ulike brukargrupper inn i definerte kanalar kan ein tilby betre tilretteleggjing for dei ulike grupperes spesielle trong.
- Samlande element skal tydeleggjere heilskapen i tettstaden og knyte delelementa i hop.

Planområdet pregast av store vegeterte område. Ved å skjytte desse i tråd med trongen ein har i dei respektive områda, oppnår ein både å synleggjere samanhengen i området (visuelle samband) og skilnaden mellom delområde (ved å dele området opp i mindre rom).

Turstien ”Dølemo rundt” er det sterkaste elementet til samling av heile området. Den skal utformast heilskapleg (same type dekke, breidde, evt. skilt) og vert brote berre av plassar og eit lite stykke annan vegtype. Turstien byrjar ved alle potensielle påkoplingspunkt (rasteplass, p-plass ved Dølehall, skulen, campingplass, butikk)og førar brukaren innom alle highlights på Dølemo (elvelandskap, strand, aktivitetsområde, marknadsplass, Dølehall, bekkedal, rasteplass, butikk). Den skal utformast brukbart også for brukarar med barnevogn eller som er dårlege til beins. Dermed vil talet på brukarar vere svært høgt og ein kan rekne med ein låg investering per ”brukseining”.

### Butikkområdet

Ein gjer framlegg om å stramme opp avkøyring til butikkområdet med tydelege køyreareal og atskilde parkeringsplassar. Dette gjev høve til å utforme heile området kring butikken meir attraktivt. Ein legg ein p-plass med høve til bubil- og caravanparkering til nordsida av avkøyringa. Dette skal vere rasteplassen og inngangsporten for ferdafolk, som ikkje er kjende på staden. Opparbeidd plass inntil bilparkering skal invitere til pause, informasjon. ”Dølemo rundt” går rett forbi og inviterar til bruk. Terskelen for litt lengre opphald senkast og potensialet for større næringsmessig utbytte av turisten aukar.

Den gamle låven bør ikkje rivast. Heile området lir av at det er for langt mellom bygningane, spesielt av den typen som gjev området karakter. Dersom ynskeleg kan låven innreidast til servicebygg med toalett og evt. dusj. Bygget kan då brukast av både ferdafolk og brukarar på campingplassen.

Butikken får ein definert, stor parkeringsplass. Området framom butikken utformast pent med belegg, vegetasjon, pyntande element. Ein kan ha uteservering, informelle møtestader. Ny tilkomst til 2. etasje bør leggjast i nordleg fasade, om lag midt på fasaden. Dette gjev optimal utnytting av arealet i 2. høgde og brukar ikkje opp dei (til bufunksjon) mest verdifulle himmelretningane. Tilsette og bebuarar har eigen p-plass. Varelevering Har gode snuhøve. Ein bør ikkje leggje opp til rundkøring kring bygget for å kunne presentere maksimal attraktivitet mot sør og aust (mot trafikken på vegen).

Bensinstasjon leggjast bakom butikken. Dermed hentast bilistane, som i utgangspunktet berre køyrer av for billeg bensin, lengst mogleg inn i området og inviterast til å bruke fleire fasilitetar på staden. Konteinaren vil ikkje vere noko pynt, ein skjular den difor med både tilbaketrekt lokalisering og noko skjerming, utan at den vert usynleg for brukarar.

Butikkområdet bør også bli hovudtilkomsten for campingplassområdet. Ein opnar dermed for synergjar mellom butikk, service, camping, rasteplass og kan styrke alle av desse einskilde delane. Under marknaden kan ein separere trafikkstraumane: Utstillarar og overnattingsbesøk brukar den eine tilkomsten, dagsbesøkjande brukar den andre.

## **Campingområdet**

Området skal ikkje endrast noko på ut over visuell avgrensing og evt. legging av straumuttak. I samband med etablering av straumuttak bør ein likevel etablere synlege køyrevegar, som gjev området meir struktur og som sikrar at viktige ferdsløare ikkje stengjast av feilaktig oppsette campingeiningar.

Ein bør skilje mellom eit område, som drivast gjennom heile sesongen og eit tilleggsareal, som berre opnast under marknaden. Eventuelt kan delar av området brukast til salsaktivitet også. Det mest attraktive området for sesongen er det som er nærast elva. Dersom ein brukar låven ved butikken som servicebygg bør likevel også dette området innlemmast i sesongdrifta. Med servicebygget på plass vil ein kunne tilby lågkost bubilplass med tilgong til servicebygg og straumuttak, samt å kunne tilby plassar til teltreisande. Butikken kan brukast til resepsjon.

## **Aktivitetar ved elva**

Ein bør ha fleire tilkomstlar til elveområdet. ”Dølemo rundt” vil gjeve to tilkomster, i tillegg bør det byggjast på eksisterande sti frå campingområdet.

Omfanget av sandstrand kan avgrensast til eit lite område. I samband med dette området bør ein leggje plen til soling. I avsatsen mellom campingplassen og elva bør det etablerast grillplass med sikra eldstad. Ein gjer vidare framlegg om ein volleyballbane og plenlagd areal til fri lek. Ein bør bruke terrengformasjonane aktivt, då desse delar området greitt opp i mindre rom og gjev ein variert oppleving av strandområdet.

Elvestraumen kan endrast for å optimalisere tilhøva kring strandområdet. Dette er eit stort prosjekt i seg sjølv, som krev omfattande arbeid og godkjenning frå NVE. Stranda kan likevel etablerast utan at ein endrar noko i straumen.

Høgspentlinja gjennom elvelandskapet er eit framandelement, som ein bør arbeide for å få fjerna. Landskapsromet vil kunne framstå som urørt når dette elementet er borte og vil dermed få ein langt høgare opplevingsverdi, særleg hos utanlandske turistar.

Skulen kan bruke elveaktivitetane i eigen undervisning også. Stinettet inviterar elevane til bruk både i skule- og fritid. Lærarar og idrettstrenarar kan bruke rundstien til joggetrening.

## **Dølehall**

Hovudtilkomsten ved Dølehall strammast kraftig opp. Ein legg ein stor parkeringsplass nord for bygningane, som kan brukast til brukarar i samfunnshuset og idrottsplassen. Plassen kring huset bør oppgraderast med belegg, vegetasjon og pyntande element. Sør for bygget bør ein opprette ein større plass, som kan brukast til informelle møte, samlingspunkt under idrottsarrangement, senterpunkt under marknaden, arrangementsstad (17. mai, fest, m.fl.) og som bør utformast pynteleg.

Fleirbruksplassen kan kanskje oppgraderast til å bli ein betre idrottsplass, med evt. grasbane, tribunar, m.fl.. Dette må ikkje kome i konflikt med trong under marknaden.

Hovudvegen bør utformast som ringkøyring forbi skulen og ut på riksvegen lenger vest. Dette kan gjeve tryggare trafikkbilete under levering/henting av skuleborna og lettar vedlikehald og varelevering.

## **Bekkedalen**

Bekkedalen bør ryddast opp visuelt, med vegetasjonsrydding (men ikkje -fjerning!) og søppelrydding. ”Dølemo rundt” gjev tilgjenge, ein kan setje opp ein skilde benkar nokre plassar. Bekkedalen skal ikkje endre karakter, men verte pussa opp med den karakteren området har no. Det vil si at ein skal kunne finne skugge og dei små rom.



Vinje, den 26. januar 2010

For Plankontoret Hallvard Homme AS

Alexander Stettin  
Landskapsarkitekt M.N.L.A.